



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
88/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	22.11.2022
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking		22/316

### ELDRESTOVE PÅ VAKSDAL

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Formannskapet ber kommunedirektøren gå i dialog med eldrerådet og pensjonistlaga om korleis ein kan få på plass eldrestove på Jamne.

Herunder: (lista er ikkje uttømmande)

Møblering

Drift

Oppussing

Bruk

Leigeinntekter til andre føremål

Formannskapet er positiv til å finansiere årleg drift, men ber om at kostnader vert spesifisert betre i ny sak. Formannskapet er og positive til å bidra økonomisk til møblering oa. men ber om at dette vert gjort etter modell av ungdomsklubben.

Ny sak vert lagt fram innan 1. tertial 2023.

Røde Kors Omsorg skal også vera mellom dei som vert involvert i prosessen.

Framlegg til skriftleg leige-/låne-avtale vert også lagt inn i saka.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 88/2022

#### **FPØ - Behandling:**

#### **Tilleggsforslag frå Kjartan Haugsnes (SV) på vegner av SP, SV, H og FRP:**

Formannskapet ber kommunedirektøren gå i dialog med eldrerådet og pensjonistlaga om korleis ein kan få på plass eldrestove på Jamne.

Herunder: (lista er ikkje uttømmande)

Møblering  
Drift  
Oppussing  
Bruk  
Leigeinntekter til andre føremål

Formannskapet er positiv til å finansiere årleg drift, men ber om at kostnader vert spesifisert betre i ny sak. Formannskapet er og positive til å bidra økonomisk til møblering oa. men ber om at dette vert gjort etter modell av ungdomsklubben.

Ny sak vert lagt fram innan 1. tertial 2023.

**Tilleggsforslag frå Ordførar Hege Eide Vik på vegner av Formannskapet:**

Røde Kors Omsorg skal også vera mellom dei som vert involvert i prosessen.

**Tilleggsforslag frå Ordførar Hege Eide Vik på vegner av Formannskapet:**

Framlegg til skriftleg leige-/låne-avtale vert også lagt inn i saka.

**Røysting:**

Tilleggsforslag frå Kjartan Haugsnes (SV) på vegner av SP, SV, H og FRP vert samrøystas vedteke

Tilleggsforslag frå Formannskapet vert samrøystas vedteke

Tilleggsforslag frå Formannskapet vert samrøystas vedteke

**FPØ - Tilråding/Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

Formannskapet ber kommunedirektøren gå i dialog med eldrerådet og pensjonistlaga om korleis ein kan få på plass eldrestove på Jamne.

Herunder: (lista er ikkje uttømmende)

Møblering

Drift

Oppussing

Bruk

Leigeinntekter til andre føremål

Formannskapet er positiv til å finansiere årleg drift, men ber om at kostnader vert spesifisert betre i ny sak. Formannskapet er og positive til å bidra økonomisk til møblering oa. men ber om at dette vert gjort etter modell av ungdomsklubben.

Ny sak vert lagt fram innan 1. tertial 2023.

Røde Kors Omsorg skal også vera mellom dei som vert involvert i prosessen.

Framlegg til skriftleg leige-/låne-avtale vert også lagt inn i saka.

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn for saka**

Fellesstova ved aldersbustadane på Jamne var tidlegare brukt til «eldrestove». I samband med nytt helse- og omsorgsbygget på Jamne vart dette bygget rive. I Ressurscenteret er det lagt til rette for noko sambruk av areal med frivillige og andre, men vil ikkje fullt ut dekke same funksjon som eldrestova.

Kommunestyret har bedt om ei utgreiing om Eldrestove i del av det tidlegare barnehagebygget på Jamne. Bygget har fram til nyleg vore nytta av Vaksdal skule til SFO og lager i samband med bygging av ny skule. Ungdomsklubben skal nytte deler av bygget. Det er i dag ikkje anna bruk av restarealet, men sentral plassering nær Ressurssenteret kan gjera det eigna for ulike formål.

## **Formelt grunnlag**

K66/2021

### **Vurdering og konsekvensar**

Kommunen har gjennomført synfaring og vurdering av tilstand for å få oversikt over arbeid og kostnader for etablering av eldrestove i lokalet. Lokalet, slik det framstår i dag, krev ikkje større ombygging eller utbetring. Det er difor ikkje store naudsynte bygningsmessige konsekvensar for å tilrettelegge for eldrestove. Den tekniske tilstanden er vurdert til å vere tilfredsstillande for bruken som er tiltenkt. Dette gjeld mellom anna ventilasjon, varme, lys og sanitær. I hovudsak vil det vere noko oppgradering av innreiing/møblering, nokre overflater og mindre bygningsmessige tiltak som krev midlar.

Kostnadane til innreiing/møblering, overflater og mindre bygningsmessige tiltak er estimert til omlag kr. 250000,-. Totalsummen er eit overslag og vil vere avhengig av mogleg ombruk, til dømes møblar. Administrasjonen ynskjer å sjå på løysingar for ombruk i større grad.

I tillegg vil det medføre driftskostnader ved etablering av eldrestove i dette arealet. Mellom anna forbruk av straum (lys, varme, ventilasjon osv.). Straumkostnader for det aktuelle lokalet er estimert til omlag kr. 80.000,-. Det er eit overslag med grunnlag i forbruk i tilsvarende lokale og samanlikna med forbruket på ungdomsklubbdelen i same bygg.

Tiltaket kan også medføre andre driftskostnader for eigedom og reinhald. Skal kommunen drifte dette bygget vidare med reinhald og anna vedlikehald kjem det i tillegg til noverande drift. Omfanget av reinhald vil vere avhengig av aktivitet og frekvens, her er berekna 10% reinhaldsstilling. Byggdriftar vil også få auka arbeidsomfang ved auka bruk av eigedomsareal. Andre ordinære driftskostnader er tatt med.

Ei kostnads kalkyle for etablering og drift av lokalet til eldrestove med dei føresetnadane som er nemnd:

Totalt investeringskostnader:	ca. kr. 250.000,-
Totalt årlege driftskostnader:	ca. kr. 200.000,-

Eldrestova på Jamne vart og brukt til utleige i samband med minnesamvære, konfirmasjon og andre dagar. Det er ikkje tatt høgde for leigeinntekter i kostnadsoverslaget.

Saka ver lagt fram som ei utgreiing til økonomiplan og budsjett slik kommunestyre har vedtatt. Investeringskostnadar og drift av eldrestove er ikkje budsjettert i kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan med budsjett for 2023.